

Referat

Studieprogramråd for barnevern

Møtedato: 31.03.2022 kl. 13.00 – 15.00

Sted: Zoom-møte

Deltakere:

Sandra Opheim, fagseksjonsleiar/studieprogramansvarleg
Berit Marie Njøs, fagleg representant
Hege Sundt, fagleg representant
Elisabeth Geshe Lyngstad, studentrepresentant, 1. klasse
Ove Mjåtveit, Einingsleiar Sunnfjord barnevern, eksternt medlem
Ingrid Faaberg, referent

Forfall:

Ann-Iren Høgalmen, HIVO, eksternt medlem, fagfellerepresentant
Sandrina Sandell, Løvetannakademiet, eksternt medlem, brukarrepresentant
Siv Berit Molland, studentrepresentant, 2. klasse
Mahsa Dowlat, studentrepresentant, 3. klasse
Tone Jørgensen, fagleg representant

Etablering av studieprogramråd og rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanning:

Sak		Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste <ul style="list-style-type: none"> Kort presentasjonsrunde 		Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt. kommentarar	Fagseksjonsleiar	5 min
Referat: Presentasjonsrunde av medlem. Formål med studieprogramråd. Sakliste og innkalling godkjent. Innspel om å bruke mindre tid på studiebarometer og meir tid på master.				
2/22 Endringar i studieplan/emne (emneplanrevisjon)	Orientering om prosessen		Studierettleiar/referent	5 min
Referat: Emneplanrevisjon startar 1. november og avsluttast 15. mars, i denne perioden er emna tilgjengeleg for emneansvarleg for redigering. Deretter vil fagseksjonsleiar godkjenne alle emna. Administrasjonen kvalitetssikrar teknisk og gjer emna klare til å førast attende til datasystemet. Fokus i år har vore på nye emne og på vurderingsform. Fagleg tilsett fortel om endringar som er gjort med grunnlag i tilbakemeldingar frå praksisfeltet og studentar. Samarbeid med praksisfeltet gjer at kvaliteten i emna vert høgare. Eksternt medlem fortel at dei tykkjer det er positivt å vere med i dialog med HVL og studentar.				
3/22 Studiebarometer	https://www.studiebarometeret.no/no/student/studieprogram/238_bbarn/	Orientering og evt. innspel/kommentarar	Programkoordinator	25 min
Referat:				

Studiebarometer er ei årleg undersøking som NOKUT gjennomfører. Alle 2. årsstudentar blir bedd om å svare på undersøkinga. Spørsmåla handlar om korleis studentane har det på studiet og korleis dei opplever studentlivet. 2. klasse på bachelor i barnevern er midt i barnevernsemne når dei tek undersøkinga, og 64% svara på undersøkinga.

Undersøkinga syner ei forholdsvis høg score på samla vurdering av studiet. Studentane er stort sett nøgde. Det er litt nedgang frå i fjor, men det er ikkje uventa. Den lågaste scoren for bachelor i barnevern er på spørsmål om vurderingsformer. Dette kan ha samanheng med at mange eksamenar er gjort om grunna covid-tiltak. Studentane har hatt mange heimeeksamenar, og det har vore mindre variasjon i eksamensform enn det som er ynskjeleg. Undersøkinga syner også at den digitale kompetansen, både for HVL og studentane, ikkje er god nok. Dette er gjeldande for heile UH-sektoren. Studentane opplever at digital undervisning gir mindre læring, motivasjon og trivsel. Dette er ikkje uventa tilbakemeldingar.

Studentane er veldig nøgde med biblioteket – denne tenesta får alltid høg score i undersøkinga. Det er også kome noko tilbakemeldingar på det det fysiske læringsmiljøet og infrastrukturen, studentane opplever at lokale ikkje er eigna. Eit anna punkt som får låg score er medstudentar sin evne til å gi konstruktive tilbakemeldingar. Dette ynskjer utdanninga å score høgare på neste gong. Trivsel fagleg og sosialt heng saman med dette. Korleis kan utdanninga skape godt fagleg og sosialt miljø?

Student fortel at no har studentane gitt kvarandre tilbakemeldingar i basisgrupper, og dette opplevast som eit godt fora å gjere dette i. Dersom det blir større grupper blir det mindre konstruktivt, det blir ofte dei same studentane som gir tilbakemeldingar til alle, eller at tilbakemeldingane berre blir positive. Klassen er ikkje så godt kjent grunna covid, så det kan jo spele inn. Det er ikkje alle som er trygge på å gi tilbakemeldingar til folk dei ikkje kjenner så godt. Utdanninga kan jobbe med å gjere studentane meir trygg på korleis dei gir konstruktive tilbakemeldingar. Kan ei løysing vere at utdanninga gir studentane hjelpespørsmål? Student ser for seg at det ville vore nyttig å vere meir konkret på kven som skal gi tilbakemelding til kven, og at studentane kan få hjelpespørsmål som synleggjer kva ein skal vere merksam på. Dette vil også gjere det tydelegare for studentane at det er deira oppgåve å gi tilbakemeldingar på ei konstruktiv måte til medstudentar. Student fortel at i ein undervisningssituasjon var det spesifisert at alle skulle gi tilbakemelding. Det var ei god oppleving då alle måtte snakke framfor alle, noko det er behov for å auke i klassen. Utdanninga tek med seg dette som eit tiltak.

4/22 Studentvelferd	Spørsmål til diskusjon; Kva meiner du er viktige tiltak for studentvelferd på utdanninga? (for eksempel som gjeld studiesituasjonen, trivsel, sosiale tiltak, klassemiljø).	Kort orientering og diskusjon	Fagseksjonsleiar	25 min
----------------------------	---	-------------------------------	------------------	--------

Referat:

Covidsituasjonen har påverka studentane. Ulike undersøkingar syner at mange har kjent seg einsame og har streva med å vere isolerte og lite sosiale. Korleis skal utdanninga jobbe med dette? HVL ynskjer at studentane skal ha det bra både fagleg og sosialt.

Programkoordinator har jamlege møter med studentassistentane og har drøfta med dei korleis vi kan jobbe med dette. Studentassistentane er opptekne av å ha møteplassar på tvers av kulla, at ein kan ha treffpunkt der alle kan samlast. 3. klasse har sakna dette. Kanskje desse møta kan ha fagleg innhald ved at ein lagar temakveldar til dømes. Kan ein opprette ein trivselskomite på tvers av kulla som kan lage opplegg for alle barnevernsstudentane?

Fagleg seier dei ynskjer å gjere meir, men det er ikkje ressursar til det. Fleire faglege har nyleg drøfta om det kan lagast fagdagar for barnevernsstudentane på tvers av kulla. På ein slik fagdagar kan ein diskutere aktuelle problemstillingar frå barnevernsfeltet. Programmet kan starte fagleg, praksisfeltet kan inviterast inn, og så kan studentane fortsette på kveldstid utan lærarar.

Studenten tykkjer det høyrest kjekt ut. Ho veit at FO-studentane har filmkveldar som er aktuelle. Der kan alle møte om dei ynskjer. I kantina er det 2 for 1 på onsdagar – student ynskjer gjerne meir av slik tiltak for å betre studentmiljøet.

Programkoordinator lurar på om uformelt lunsjtreff i kantina for både fagtilsette og studentar kan vere aktuelt. Fag tek med dette i planlegginga av nytt studieår. Fagmiljøet ynskjer å vere tett på så dette er gode forslag.

Fagleg understrekar at det er viktig i oppstarten å ha rom til sosiale aktivitetar – små tiltak som t. d pizza eller kake til klassen ved samlingar har tidlegare fått gode tilbakemeldingar.

Programkoordinator understrekar at det er viktig å sjå studentane. Studentassistentane kan også bidra inn til studentvelferd. Studentar frå 2. og 3 klasse er mentorar for 1. klasse, og dette arbeidet fortsett neste studieår. Det vert snart utlyst nye stillingar for studentassistentar for neste studieår. Student gir tilbakemelding om at det har vore utfordrande at 3. klasse ikkje har hatt same studieplan som 1. klasse. Dette problemet går ut no då alle studentane vil følge same studieplan frå hausten 2022.

Programkoordinator fortel at studentassistentane kom i stand som eit tiltak grunna covidrestriksjonane for å førebygge utfordringar for nye studentar. Studentassistentane får løn for å følge opp studentgrupper over tid. Skal forbetre både fagleg og sosialt miljø. Barnevernsutdanninga var tidleg ute då dei allereie hadde diskutert ei slik løysing før ordninga kom. <https://www.hvl.no/student/laringsmiljo-og-laringsstotte/studentassistent-ved-hvl/> Dette er eit tiltak som har som mål å betre studentvelferda.

Pause				15 min
5/22 UT i verda, internasjonalisering	Spørsmål til diskusjon:	Orientering og diskusjon	Hege Aarlie og fagseksjonsleiar	25 min

Kva synest du er viktigast når det gjeld internasjonalisering i utdanninga og korleis få det til på ein god måte?			
--	--	--	--

Referat:

Fagseksjonsleiar innleiar med at det er fokus på internasjonalisering i utdanninga.

Hege Aarlie orienterar om arbeidet i instituttet, og er prosjektleiar for Ut i verda! Prosjektet er tverrfagleg mellom barnevern, sosialt arbeid og vernepleie utdanningane. Presentasjon vert lagt ved referatet.

Ut i verda! er eit prosjekt som er finansiert av Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse, der bachelorutdanningane ved IVD søkte om midlar og fekk dei. Studieprogramrådet er referansegruppe til prosjektet. Prosjektleiar vil vere med i kommande møter for å få innspel frå studieprogramrådet til prosjektet. Mål for prosjektet er: meir mobilitet i bachelorutdanningane. Det jobbast med prosjektet med 4 ulike arbeidspakker, 19 tilsette på tvers er involvert. Arbeidet er godt i gang, og det er orientert ut til fag om prosjektet. Framover: veke 22 skal delprosjektleiarane reise til samarbeidspartar for å bli betre kjent, og skal formidle tilbake til utdanningane om erfaringar. Det er positivt at det er tverrfagleg i instituttet. Viktig prosjekt for å få internasjonalisert utdanningane våre, og for å opne for innreisande studentar også.

Student gir tilbakemelding om at ho ikkje har høyrte så mykje om utveksling, og at studentane ynskjer seg meir informasjon.

Prosjektleiar noterer seg at det er behov for tidleg informasjon. Dersom studentar er ute i meir enn 3 månadar får HVL midlar for utvekslinga, men studentar kan få erasmusstipend på kortare opphald. Det er gehør for at det vert lagt til rette for alle typar utvekslingar, og at vi ikkje vurderer opp mot insentivmidlar som ein får på meir enn tre månadar. Det kan også vere aktuelt å skape studiemiljø på tvers av grenser, til dømes digitalt, som igjen kan føre til at det blir enklare å reise på utveksling når ein alt har jobba internasjonalt. Det finns fleire moglegheiter for å samarbeide på tvers av grenser og det er viktig å kople på studentane for å avklare kva dei ynskjer.

Fagseksjonsleiar fortel at det har vore lite utveksling grunna covid dei siste studieåra. Til hausten er det 5 studentar som skal på utveksling. I barnevernsutdanninga er 5. semester utvekslingsvindauge.

<p>6/22 Årlig sak om praksis</p> <ul style="list-style-type: none"> Nye retningslinjer 	<p>Spørsmål til diskusjon</p> <p>For studentar som skal i praksis: Kva er dine viktigaste forventningar til læringsutbyte i praksisperioden?</p> <p>For studentar som har vore i praksis: Kva opplevde du som viktigaste læringsutbyte frå praksisperioden? Kva læringsutbyte sakna du i praksisperioden?</p> <p>For eksterne: Kva meiner du bør vere viktigaste læringsutbyte til studentar i praksis? Korleis kan utdanninga legge til rette for å fremje desse læringsutbyte?</p>	<p>Orientering og diskusjon</p>	<p>Programkoordinator</p>	<p>15 min</p>
<p>Referat:</p> <p>Sidan det er fråfall frå studentrepresentantane endrar vi litt på spørsmål til diskusjon til korleis det er for praksisfeltet å møte studentar. Eksternt medlem fortel at det er overveldande å vere student i praksis, og at det er viktig å få sjå og erfare som student ute i praksisfeltet. Alle 25 sosialfaglege tilsette hjå dei prøver å invitere med seg studentane på oppgåver medan dei er i praksis. Det er viktig for studentane å få sjå mangfaldet også blant dei tilsette. Det er mykje skjønn i arbeidet, det kan lagast manualar, reglar og verktøy, men det er avgrensa kor effektive dei er. Det er refleksjon som må til, og dette gjer ein ikkje aleine – men sit i team og jobbar og vurderer saman. Det er viktig for studentane å få erfare vurderingsprosessane. Denne arbeidsplassen ynskjer også å syne studentane at dei er framoverlente og oppdaterte. Kontaktperson skal støtte studenten i å reflektere, noko som er ein omstendeleg prosess som krev mykje bruk av skjønn. Håpar også på at studentane blir inspirerte og får lyst til å komme attende seinare. At dei klarar å knyte teori og praksis saman, og kan gi tips attende til praksisplassane dersom dei har anna teori/andre innspel. Fagseksjonsleiar takkar for innspel og at det er nyttig for oss å få tilbakemeldingar som dette.</p> <p>Fagleg tilsett fortel i ny studieplan skal studentane vere i barnevernstenesta eller institusjon i 2. klasse. Det er positivt at vi har så mange gode praksisplassar, og på praksisbesøk opplevast det engasjement for å ta i mot studentane. Praksisplassane vurderer kva ulike studentar treng, ser dei og legg til rette for at dei skal ha ei god praksisperiode. Det opplevast også at praksisplassane er flinke til å legge til rette for at studentane får vere med på mykje.</p>				

Eksternt medlem fortel at dei tilsette også er ulike. Dei treng også å lære at det ikkje er ein einmannssport – det er naturleg å drøfte og prøve seg fram i dette arbeidet. Kan ikkje gå rundt å vere verdsmeister sjølv om ein har lang erfaring. Studentane er ulike og tilsette er ulike.

Fagseksjonsleiar orienterar om at det no er kome nye praksisreglar. Alle studentane må ha praksis i kommunalt eller statlege barnevernet. BUFDIR gir derfor utdanningsinstitusjonane stimuleringsmidlar som skal gå til praksisfeltet for å auke kvaliteten på praksisperioden og rettleinga. Heile HVL kan søke om midlar 1, 3 mill som skal brukast på praksisfeltet. Målet er at det vil stimulere til å halde på og rekruttere praksisplassar. Kva er nyttig bruk av desse midlane? Kva ynskjer praksisfeltet?

Eksternt medlem tenker på fagrealterte tiltak, kva er nytt i barnevernsfagleg arbeid, kva satsar ein på no, kva behov er det. Kunnskap om desse tema er nyttig for barnevernstenesta. Det er store endringar i feltet, og det å henge med er utfordrande. Det kunne også vore nyttig å få innspel på korleis ta godt vare på studenten som skal i praksis. Det er mange stadar dei kan hente fagleg påfyll, så det ville vere naturleg å kople dette saman med situasjonen i praksisperioden.

Fagseksjonsleiar spør om det er aktuelt å løne rettleiarane i praksisfeltet. Eksternt medlem er positiv til dette, men det kan hende det også kompliserer prosessen i forhold til løn og arbeidstid. Hjå dei er dei fleste tilsette sporty og tek i mot studentar.

Programkoordinator: Det vil snart sendt ut invitasjon til fagdag 20. mai for dei som har hatt studentar i praksis. Stimuleringsmidlar kjem inn no grunna avgrensing av områder kor studentane kan ha praksis. Andre utdanningar lønar sine praksisrettleiarar, og dette gjorde også BSV-utdanningane fram til 2006. Dette kan vi ta inn igjen dersom stimuleringsmidlane skal brukast til det.

Fagseksjonsleiar stiller spørsmål om kva som er mest føremålstenleg å få midlar til løn til enkelttilsette eller til ein pott til heile kontoret som kan nyttast til sosiale tiltak eller fagleg påfyll?

Eksternt medlem meiner at ein pott vil gagne heile kontoret, medan individuell løn vil gagne dei som alltid tek ansvar. Eksternt medlem skal høyre litt kva som er ynskeleg løysing.

7/22 Master

Kva er viktig for om studentar vil gå vidare med master? Kva er viktig for at barnevernspedagogar i arbeid, vil ta til med master?

Fagseksjonsleiar

10 min

Fagseksjonsleiar innleiar med informasjon om at det blir krav om viss del av tilsette har master frå 2030 for å jobbe i barnevernteneste. Korleis tenker studentar/tilsette kring dette å ta master?

Eksternt medlem fortel at dei har drøfta det på barnevernskontoret, og dei har hatt ei stund på å venne seg til kravet om master. Dei diskuterer om det vil bli mogleg at ein del vidareutdanningar kan inngå i masterutdanninga, og har forstått det sånn at det er ei prosess som er pågåande. Praksisfeltet håpar på at ein del studentar tek master rett etter bachelorgrada. I deira teneste har dei få tilsette med master pr. i dag. Resterande tilsette lurar på korleis dei skal

gjennomføre mastergrada. Det finns pr i dag støtteordningar der kommunen får midlar, slik at det blir lettare for arbeidsgjevar å innvilge fri, og leige inn vikarar. Dei tilsette håpar veldig på at dei vil kunne ta master medan dei jobbar, og at dei kan få innpassa inn dei vidareutdanningane dei allereie har. HVL startar hausten 2022 master i sosialvitskap der den eine studieretninga er barnevernsarbeid. Der kan ein søke innpass for vidareutdanningar i master. Kva vidareutdanningar som blir godskrive blir det jobba med og det vil ta tid før alt er avklara.

Eksternt medlem fortel om utfordringar med løn og masterstudie, kommunen arbeidar med korleis dei skal samordne lønspolitikken med masterkravet.

Fagleg medlem syner til at master i sosialvitskap startar opp som heiltidstudie, men det er mål om at dette skal tilby dette på deltid også. Praksisfeltet ynskjer å få oversikt over moglegheiter som finnast, og deretter lage seg ein plan for korleis dei skal vidareutdanne sine tilsette.

Fagseksjonsleiar tek til seg at praksisfeltet gir tilbakemeldingar om at det er behov for både dei studentane som tek master rett etter bachelor og at det er behov for eit alternativ for dei som alt er i arbeid.

Studenten fortel om at studentane har behov for meir informasjon om kva kravet inneberer, eller kva dei kan ta for å jobbe i barnevernet. Nokre studentar kjenner på ei usikkerheit om kva dei kan bruke bachelorgraden til sidan masterkravet kjem.

Fagleg medlem fortel at det er ikkje spesifisert kva type master som krevst. Det kan vere mange type masterar som er aktuelle. Tek til seg at studentane treng meir informasjon om utdanninga og moglegheiter.

Fagseksjonsleiar tek også med seg vidare at studentane treng informasjon om master frå 1. klasse.

Eksternt medlem fortel at han trur at alle er usikre, og at vi kjem til å vere det saman ei stund. Han meiner at kravet er at 80% av tilsette må ha master, og at regjeringa ynskjer fleire med master i barnevernet. Det er også plass til dei som har bachelor, men det er vanskeleg å sjå føre seg kva som vil skje. Han fortel om at han har fleire tilsette som ikkje kjem til å ta master av ulike grunnar. Men det er nok eit riktig og viktig løft for å heve kvaliteten i barnevernet. Kloke hovud og varme hjarte er det behov for uansett utdanningsnivå.

7/22 Aktuelle orienteringssaker fra HVL, FHS utdanning				5 min
Referat: Ingen saker.				
8/22 Eventuelt - Ingen saker			Fagseksjonsleiar	5 min
Referat: Ingen saker.				

[Studieprogramråd](#)

[Kvalitetshandboka](#)

[Utdanningskvalitet ved FHS](#)

[Rammeverk](#)

[Retningslinjer for honorar og lønn til studenter](#)